

Årshjul for spelemidelsøknadar 2020

**Gjeld for ordinære idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg.
jfr. V-0732 – Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
(Kjem i ny utgåve kvart år)**

Les meir om spelemidelordninga og krav til søkjar her:

www.anleggsregisteret.no

Skal du søke om spelemidlar må anlegget bli registrert i anleggsregisteret før du søker. Send informasjon om anlegget til kommunens sakshandsamar (navn på anlegg, stad/område, anleggstype, anleggseigar og -driftar, matrikeladresse for eigedommen anlegget ligg på, dvs. gards- og bruksnummer, ev. feste-/seksjonsnummer, storleik/lengde, tidspunkt for planlagt byggestart)

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning utgår for anlegg som har byggestart 15. juni 2019 eller seinare (ref. brev frå Kulturdepartementet 14. Juni 2019)

1. september:

Ansvarleg - anleggseigar: Frist for innsending av elektronisk søknad til kommunen med alle vedlegg (beskriving, behovsanalyse, kostnadsoverslag, finansieringsplan med dokumentasjon, driftsplan, grunnbokutskrift/leigekontrakt osv.)

Frist for fornya/gjentatt søknad med **nytt** kostnadsoverslag for anlegg som tidlegare ikkje har fått innvilga søknad/heile summen.

September (innan 1. oktober):

Ansvarleg – Ål Idrettsråd: Prioritering av ynskjer om anlegg frå idrettsråd/lag/kommune.

September – oktober – november:

Ansvarleg - sakshandsamar: Kommunal sakshandsaming. Ferdigstilling av kommunale søknader.

November:

Ansvarleg - sakshandsamar: Sak i SUKO om prioritering av anlegg med godkjente søknadar og rullering av prioritert anleggsliste.

Desember:

Ansvarleg - sakshandsamar: Vedtak i kommunestyret om prioritering av anlegg med godkjente søknadar og rullering av prioritert anleggsliste.

15. januar:

Ansvarleg - sakshandsamar: Frist for elektronisk innsending av søknader frå kommunen til Viken Fylkeskommune.

15. april:

Ansvarleg - Viken Fylkeskommune: Frist for fylkeskommunen for oversending av søknadsliste til departementet.

Mai: Frist for departementet for tildeling av løyving til fylkeskommunen.

15. Juli: Frist for fylkeskommunen for tildeling av tilskot.

Frist for ferdigstilling:

Ansvarleg - anleggseigar: 2 år etter at tilskot er gitt.

Gi beskjed til sakshandsamar i kommunen når anlegget nærmar seg ferdigstilling, med eventuell dato for opning.

Utbetaling:

Ansvarleg - anleggseigar: Løyvde spelemideltilskot vert utbetalt etter at anlegget er fullført og rekneskapen er revidert, godkjent og innsendt.

Ein kan be om delutbetaling av løyvde spelemideltilskot om prosjektet er godt i gang, ein kan då få utbetalt 70-80% av det løyvde tilskotet.

Utbetalingsoppmoding sendast inn av sakshandsamar i kommunen.

Eventuell søknad om kommunal forskotering av spelemidlar/låneavtale vert sendt til kommunen av anleggseigar og vert handsama individuelt i kvart enkelt tilfelle.